

## KOMMISJONSVEDTAK

2014/EØS/35/05

av 11. desember 2007

om godkjenning av visse nasjonale program for motkjemping av salmonella i flokkar av verpehøner av arten *Gallus gallus*

[meldt under nummeret K(2007) 6100]

(2007/848/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2160/2003 av 17. november 2003 om bekjempelse av salmonella og visse andre zoonotiske smittestoffer som overføres gjennom næringsmidler<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 2, og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Føremålet med forordning (EF) nr. 2160/2003 er å sikre at det vert sett i verk føremålstenlege og effektive tiltak for å påvise og motkjempe salmonella og andre zoonotiske smittestoff i alle ledd i produksjon, foredling og distribusjon, særleg i primærproduksjonen, for å minske førekomsten av dei og den risikoen dei utgjør for folkehelsa.
- 2) Ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1168/2006 av 31. juli 2006 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2160/2003 med hensyn til et fellesskapsmål for reduksjon av prevalensen av visse salmonellaserotyper i verpehøner av arten *Gallus gallus* og om endring av forordning (EF) nr. 1003/2005<sup>(2)</sup> vart det fastsett eit fellesskapsmål for reduksjon av førekomsten av alle salmonellaserotyper som har innverknad på folkehelsa i flokkar av verpehøner av arten *Gallus gallus* på primærproduksjonsplan.
- 3) For å nå fellesskapsmålet skal medlemsstatane innføre nasjonale program for motkjemping av salmonella i flokkar av verpehøner av arten *Gallus gallus*, og leggje dei fram for Kommisjonen i samsvar med forordning (EF) nr. 2160/2003.

- 4) Visse medlemsstatar har lagt fram dei nasjonale programma sine for motkjemping av salmonella i flokkar av verpehøner av arten *Gallus gallus*.
- 5) Det er slått fast at desse programma er i samsvar med relevant veterinærregelverk i Fellesskapet, og særleg forordning (EF) nr. 2160/2003.
- 6) Desse nasjonale programma for motkjemping bør difor godkjennast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Dei nasjonale programma for motkjemping av salmonella i flokkar av verpehøner av arten *Gallus gallus* som er lagde fram av medlemsstatane, er godkjende.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2008.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 11. desember 2007.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 333 av 19.12.2007, s. 83, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 41/2009 av 24. april 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 33 av 25.6.2009, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEU L 325 av 12.12.2003, s. 1. Forordninga endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1237/2007 (TEU L 280 av 24.10.2007, s. 5).

<sup>(2)</sup> TEU L 211 av 1.8.2006, s. 4.

*VEDLEGG*

Austerrike  
Belgia  
Bulgaria  
Tsjekkia  
Kypros  
Danmark  
Estland  
Finland  
Frankrike  
Tyskland  
Hellas  
Ungarn  
Irland  
Italia  
Latvia  
Litauen  
Luxembourg  
Nederland  
Polen  
Portugal  
Romania  
Slovenia  
Slovakia  
Spania  
Sverige  
Det sameinte kongeriket

---